



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 24/022	Dato:	27.05.2024

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	05.06.2024	vedtak
---	------------	--------

## Plassering av kapital

### HANDSAMING:

#### Brannsjefen si tilråding

- Styret for Haugaland brann og redning iks vedtar å nedbetale lån i KB med kr. 10 000 000,- og plassere tilsvarende beløp på høgrentekonto fram til nye investeringar i selskapet skal gjennomførast.

#### Handsaming i styret 05.06.2024

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Haugaland brann og redning iks har ei låneramme på kr. 20'' der selskapet har eit lån på kr. 16,5'' i Kommunalbanken.

I sak 23/054 – oppfølging av budsjettvedtak 10.11.2023, investeringar – er det etterslepet per 1.1.2024 kr. 18,8''. Av denne summen skal kr. 6,3'' nyttast for å dekkja tidlegare års investeringar, ref. vedtak i representantskapet, sak 24/002 – rekneskap 2023.

Rentesats i KB er p.t. 5.5 %.

Innskotsrente i bank er p.t. 4.3 %.

Differanse (rentekostnad minus renteinntekt) er kr. 192 000,-.

### VURDERINGAR:

Dersom det er investeringar som skal gjennomførast i løpet av 2024, bør me halde att tilsvarende beløp for å unngå ny lånesøknad. Alle investeringar skal handsamast i representantskapet, og dermed er det ikkje investeringar som er moglege å gjennomføre utover det som er vedteke i styresak 24/009.

Tilråding ut frå dette er å betale attende lånet til KB minus investering på sjølvkostområdet, styresak 24/009. Dette tilsvarar kr 1,9''.

Innbetaling kommunar:	18,8''
Tidlegare års udekka:	- 6,3''
<u>Ny investering på sjølvkost:</u>	<u>- 1,9''</u>
<u>Sum</u>	<u>10,6''</u>

Resterande beløp, tilsvarende 10'', vert plassert på ein høgrentekonto.

Haugesund, 27.05.2024

Dag Botnen  
brannsjef